



Dei gler seg til turen over Atlanteren i juni. Men Tobias (lengst til venstre) får ikkje vera med! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dina frå Os er ein 42 fots Bavaria seglbåt som er å sjå i Uskedalen både titt og ofte og han var innom Sandakaaien også denne helga, sjølv om vi er på full fart inn i november månad. Sist vi såg han her var i sommar.

- Det er fjella i Uskedalen som fremfor alt gjer susen for oss, Vi har vore mange gongar på toppen av Nåso. Denne helga nógde vi oss med ein tur i Eikedalen. Men om sommaren hender det at vi ligg her opptil ei veke.

Det fortalde Tore og Dina Nordahl-Pedersen til uskedalen.no før dei sette kursen heimatt utpå føremiddagen i dag saman med bikkja Tobias.

Og heimatt betyr Haljem for der bur familien. Men Tore er glassmeister på Osøiri.

-No ved nyttårsleite er det slutt med jobben. Eg sel verksemda og blir pensjonist. Og pensjonistlivet startar vi med ein skikkeleeg tur - til Karibien via Kanariøyane. Vi kastar loss i juni og planlegg å bli borte i vel eit år. Eit anna Os-par med same slags båt reiser samstundes.

Huset på Haljem leigar vi ut, sa Tore.

Både han og kona gler seg både til turen til varmare kyster - og til å koma attende til Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen